



## Veteranskipet M/S «Sunnhordland»

Mange eldre på Vestlandet vil nok hugsa flaggskipet til HSD, M/S «Sunnhordland», som i tida mellom 1949 og 1973 gjekk i dagleg rute mellom Bergen og hamner i Sunnhordland. I 1974 vart ho sold, og sidan har ho vore nytta i cruise-trafikk i Finland. I 2015 fekk nokre skipsentusiastar på Stord nyss om at skipet skulle seljast, og takka vere gode krefter så gjekk kjøpet i orden. Veteranskipet M/S «Sunnhordland» er difor endeleg tilbake i Noreg. Mottakinga frå publikum har vore over all forventning, og Veteranskipet har hatt over 30 000 besøkande sida ho la til kai i Leirvik hamn på Stord, 3. november 2016.

### **Historia til Veteranskipet M/S «Sunnhordland»**

M/S «Sunnhordland» blei opprinnelig bygd som ubåtjagar og eskorteskip for US Navy i Chicago i 1943. Skipet vart stasjonert ved Gibraltar og segla under engelsk flagg for Royal Navy fram til slutten av 2.verdskriga i 1945 – då ho blei levert tilbake til USA.

Dei første åra etter krigen starta Noreg å byggje opp eit moderne, effektivt samfunn med aukande velstand og økonomisk oppsving. På Vestlandet var det eit stort behov for transport av varar og folk. Her blei ikkje mindre enn 6 tidlegare ubåtjagarar kjøpt av ulike rederi, og ombygd til rutefart. Eit av desse var HMS «Kilchrenan» som blei ombygd og fekk namnet M/S «Sunnhordland».

M/S «Sunnhordland» var den gong eit av dei største, raskaste og finaste lokalruteskipa. Ho var «Snøggruta» som batt saman byen Bergen med Sunnhordland og ytre Hardanger-regionen, i ei viktig tid i etterkrigsåra og fram til 70-talet. I 1974 vart skipet sold til Finland, der ho med namnet M/S «Kristina Brahe» vart sett inn i cruisefart mellom dei finske innsjøane og Russland. Eigarane i Finland har teke godt vare på skipet, og det er eit flott kulturminne som no er komen heim til Vestlandet.

Veteranskipet er no eigmært av selskapet HSD Sunnhordland AS, som sjølv har finansiert innkjøp av skipet, betalt for overhaling og naudsynt arbeid etter heimkomsten, alt utan offentlege tilskot. Eit ideelt selskap, der aksjonærane ikkje kan ta ut økonomisk utbytte.

Det har sidan overtaking hausten 2016 vore eit kontinuerleg arbeid med å gjenskape båten så identisk som mogleg, og lekkasjar og tekniske manglar er utbetra. Veteranskipet har knytt til seg folk med maritim kunnskap og naudsynte sertifikat, samt veteranar frå HSD - tida. Det har sidan overtakinga også vore eit stort fokus på å ivareta sikkerheita om bord etter dagens krav, både med omsyn til brannsikring og sikkerheit kring besøkande, passasjerar og mannskap.

### **Målsetjing**

Målsetjinga er å tilbakeføre Veteranskipet M/S «Sunnhordland» til tilnærma opprinnelig stand frå tidsepoken 1949 – 1973, for så å kunne vidareformidle skipet si historie i frå etterkrigstida, transporthistoria og den viktige rolla skipet hadde i seglingsleia mellom Sunnhordland og Bergen. Dette arbeidet er ein kome godt på veg med, takka vere nye eigalarar som hadde fokus på å ta ei stor oppgradering og sette skipet i stand FØR det kom attende til Noreg. Eigarane ville ikkje at M/S «Sunnhordland» skulle bli liggjande «på vent» over ein lang tidsperiode. M/S «Sunnhordland» skal vere – og er no eit levande kystkulturminne, tilgjengeleg for heile regionen.



Foto: Tom Gulbrandsen


Motiv: M/S «Sunnhordland» ved Bryggen i Bergen, mars 2017

### **Arrangement og turar på M/S «Sunnhordland» etter heimkomsten**

Etter at Veteranskipet M/S «Sunnhordland» i februar/mars 2017 var på besøksrunde, lokalt kalla ei signingsferd til alle gamle hamner på ruta og som vart avslutta i Bergen, har det vore stor interesse, mange arrangement og turar som blant anna:

- Reketurar på fjorden
- Torgdagen i Bergen i juni
- Arrangementsturar for publikum innafor teater, mat og konserter til; Skånevik, Bekkjarvik og Espevær
- Pensjonisttur, venelagsarrangement og andre turar bestilt av private og firma
- Fleire bryllaup, klasfestar og åremålsdagar

- Veteranbåt- og samferdselsfestivalen «Fjordsteam 2017» i Stavanger, der M/S «Sunnhordland» både var med som deltagar, og som turvert for publikum som ønska å vere med på «Fjordsteam 2017». Ein særdeles vellukka tur, der me hadde besøk og omvisningar for Riksantikvaren
- Sunnhordlandstreff på Stord i desember 2016, og i Bergen i september 2017. Arrangert saman med Samarbeidsrådet i Sunnhordland. Eit treff der unge og nyutdanna blir presentert for næringslivet i Sunnhordlandsregionen
- Sykkel VM i Bergen
- «herifrå 2017» - Smaksdagane i Sunnhordland i oktober, saman med Matfatet i Sunnhordland, lokale matprodusentar frå regionen og Venelaget for Veteranskipet M/S «Sunnhordland»
- Kulturbåt i Ryfylke oktober 2017



**Venelaget for Veteranskipet M/S «Sunnhordland»** vart skipa i februar 2017, der er allereie 276 medlemmer og dugnadsgjengen har fått utført mykje godt arbeid om bord.